

Jan Rune Hosøy
Heltveitvegen 9
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/873 - 16/23818

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2016

Gbnr 234/12 Eide Ytre. Melding om vedtak i sak 097/16 i plan- og miljøutvalet.

Vedlagd følgjande utskrift av møteboka for sak 097/16 i plan- og miljøutvalet. Utvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

Lindås kommune har vurdert dei argumenta som er sett fram i klagen datert 19.06.2016. Det er komme fram ny argument og informasjon frå synfaring, som gjev grunnlag for å ta klagen til følgje. På denne bakgrunnen vil kommunen gjere om vedtaket gjort i sak 059/16:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve løyve til å dispensere frå LNF føremålet i gjeldande plan.

Med heimel i Jordlova §9 vert det gjeve løyve til å omdisponere 0,5da overflatedyrka jord til bustadføremål.

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 0,5da overflatedyrka jord frå gnr.234/12, for å overføre det som tillegg til gnr.234/54 slik det er søkt om.

Det vert sett følgjande vilkår for løyvet:

Den frådeltte parsellen skal føyast saman med gnr.234 bnr.54. Parsellen skal plasserast slik at den grenser til 234/54, 234/10 og 234/62. Arealet skal ikkje vere større enn 0,5da.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda, jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Fylkesmannen er part i saka og kan vurdere om han vil klage over kommunen si avgjerd. Vedtaket er såleis ikkje endeleg før det er klart at Fylkesmannen ikkje vil nytte retten til å klage.



Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. §21-9 i plan- og bygningslova.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Jan Rune Hosøy

Heltveitvegen 9 5993

OSTEREIDET